

The background image shows a red brick building with a curved facade. There are two arched windows on the left side, each with a blue-framed window inside. A single blue-framed window is visible on the right side. The building has a dark roofline and a small vent at the bottom left.

RETTLEIAR FOR

BYGGE- SKIKK

I ODDA KOMMUNE







RETTLEIAR FOR
BYGGE-
SKIKK
I ODDA KOMMUNE

Innhald

Bygningar fortel ei historie

- Frå heller til fellestun **12**
- Dei gamle stovene **15**
- Jordskifte og effektivisering **18**
- Frå kyrkjested til industriby **19**
- Velstand, vekst og ny arkitektur **28**
- Nye utfordringar og mogelegheiter **30**

Praktiske råd og retningslinjer

- Huset og terrenget **36**
- God formgjeving og tilbygg **41**
- Takets form og materialer **46**
- Stein, tre, tegl, betong **50**
- Fargerike Odda **52**
- Endring av detaljar i gamle og nye hus **54**
- Naboskap **56**
- Fortetting og tilpassing **57**
- Uteareal, ute møblar og andre element **62**

Nyttig kunnskap og referansar

- Frå plan til vern: Ein vegvisar **72**
- Litteratur **78**
- Ordliste **79**
- Kildereferansar **84**



Innleiing

GODE MILJØ er viktige for livskvaliteten. Dei fleste av oss trivst betre i lyse, trivelege rom som er innreia med omtanke, enn i mørke, tronge rom med smaklause møblar. Vi er opptekne av å gjera det fint inne, men tenkjer kanskje ikkje like mykje på korleis ute miljøet påverkar oss.

Det er ei anna oppleveling å spasera i ei hyggeleg gate med vakre bygningar der det er mange andre, enn å vandra i anonyme, einsformige miljø. Opplevelinga der og då kjennest betre, men ikkje nok med det: Dersom det finst lune stader som inviterer til at vi set oss ned ute for å ta ein kopp kaffi, og dersom byen er tilrettelagd for fotgjengarar slik at vi vel å gå i staden for å køyra, kan dette medverka til at fleire oppheld seg meir utadørs og får ein meir aktiv livsstil.

Vi veit godt korleis vi vil at det skal sjå ut i heimen vår og i hagen. Der vel vi fargar som står til kvarandre, vi vel møblar som passar saman og ser til at plenen er ryddig. Men kven passar på at bygningane skaper gode byrom, at dei er måla i fargar som høver ilag, at kvar enkelt bygning ser bra ut og at fortau og vegar ikkje berre vert haldne vedlike, men at dei er reine og at plantene vert stelte? Sjølv om mykje kviler på det offentlege, er dette til sjuande og sist noko vi alle har ansvar for.

Alle er tent med at det finst klare reglar for byggeskikk, for kva som bør gjerast og kva som ikkje bør gjerast. Om alle skal gje uttrykk for

Små, lune
plassar, som
den framføre
Smelt café på
Smelteverks-
tomta, blir
ofte populære
møtestader.



Smelt

Sjømanns salat
Kake
Kaffe
Brygg



sine individuelle ønskje i det offentlige rommet, kan inntrykket lett bli kaotisk og lite tiltalande. Samstundes kan heilskapen bli større enn summen av delene dersom alle blir samde om å følgja visse reglar. I denne rettleiaren viser vi døme på både god og mindre god byggeskikk. Vi vil gjerne, først som sist, understreka at ingen av dei siste nemnde er henta frå Odda kommune.

Odda har gode byrom, harmonisk arkitektur og ein klar identitet. Målet med denne rettleiaren er å gjera byen endå betre. Rettleiaren gjev retningsliner for korleis ta vare på lokal eigenart og korleis skapa gode byrom. Sjølv om handboka kan vera eit nyttig verktøy for politikarar og kommunetilsette som skal vurdera estetiske omsyn, er dette først og fremst skrive for små og store utbyggjarar. Rettleiaren handlar difor om korleis ulike bygningar og tiltak kan vera med på å skapa trivelege miljø samstundes som kulturminne og lokale særdrag vert tekne vare på.

Kvar enkelt tiltak må sjåast i ein større samanheng, vi treng ei felles forståing for korleis miljøet omkring oss skal sjå ut. Dersom denne rettleiaren kan medverka til ein slik felles visjon, vil vi vera på veg mot betre felles miljø.





BYGNINGAR FORTEL
EI HISTORIE

Eigenart har djupe røter

I Odda er det gjennom tidene bygd hus for så mange slags føremål. På Hardangervidda er det spor etter fangstfolk som laga seg ly for vind og ver og der er restar etter stølsliv. På gardane i Røldal, Skare, i Oddadalen og nede i Odda og i Tyssedal står hus som fortel om sær preg og tradisjonar i bondesamfunnet. Her er bygd kyrkjer og bygdeborger, og gamle hotell minnar om den gongen Odda var eit av landets mest populære turistmål. Industrien kom med bygningar og anlegg som gjorde Odda og Tyssedal til landets mest moderne byar, forma av dei beste arkitektane.

Frå heller til fellestun

Dei aller første oddingane budde under steinhellarar, dei møblerte med reinsdyrskinn og diskja opp med mat frå bålet. Først i den yngre steinalderen, for ca 4000 år sidan, byrja dei som kom hit så smått med jordbruk attåt fangst og fiske. I Odda er dei eldste spora etter gardsaktivitet med fast busetting funne på Tokheim, Eitrheim, Freim, Sandvin og i Røldal.

Som mange stader elles på Vestlandet blei folk etter kvart buande i landsbyliknande fellestun. Husa var samla i rekkje eller i klyngje som i Agatunet, der det på det meste budde nær 200 menneske. Dei ni bøndene hadde i alt 92 hus. På den største garden i Hardanger, Opedal, delte 14 bønder tunet der kring 200 menneske budde og arbeidde i til saman 120 små og store hus. Rundt tuna låg jorda inndelt i teigar.

I utgangspunktet var det ein bonde på kvar gard med ei stor tømrastove, stabbur, eldhus, fjøs, løe, stall og sauehus. Stor folkeauge førte til garddeling. Det hende at fleire familier delte både bustadhús og uthus. Kvar familie hadde til dømes rett til å bruka ein del av røykstova med litt av matbordet, halve





Frå Agatunet.
Bygningene
står tett i tett,
som i en by.

fjøset og noko av løa. Røykstova var det sentrale allrommet der dei kokte, åt, sov og arbeidde. Om eit slikt felleshus seiest det at karane hadde for vane å flytta saman i eine senga om morgonen der dei låg og prata medan kvinnene fyrt i omnene og laga til maten. Før utvandringa til Amerika tok til var det så folksamt og tront om plassen på mange gardar at både fjøslemen og løa vart brukt som ekstra soverom blant anna for tenarane

«Så snart folka makta det eller hadde tiltak til det, bygde dei sine eigne hus», skriv lokalhistorikaren Olav Kolltveit. Og dei bygde i tunet. «Ingen flytte ut or tunet så lenge det fanst att ein flekk der. Dei klemde stover, buer, stabbur osv. saman med tronge smog og smette mellom».

Ola Omvik fortel om oppveksten i Omviketunet: «Folk møttest og talast ved og var saman som ein stor huslyd, eit lite samhelde for seg, der dei så gjerne hjelpte kvarandre med dugnad og grannebeiner. Eg kan ikkje minnast at eg høyrde høgrøysta kjekling og skjenning grannane imellom, men det hadde vel vore så ymse i gamal tid der som andre stader. Gamle rettsbøker veit eitt og anna å fortelja såleis, og slike bø-namn som Tretteskree (Tretteteigen) fortel sitt. Men jamnast møttest folk som gode grannar både i sorg og glede. Sjølv sagt kunne vi ungane pyklast, men det gjekk snart over. Ved veitsler, bryllaup

og gravferder var alle sitt til låns og til bruks, langbord, benker, dukar, koppar og fat og hornskeier, bu og gjesteseng, ja, stundom stova med. Eg hugsar far lánte stova vår ut til gravferdi etter dei gamle i Kjørkhaug-lyden».

Dei gamle stove

Overgangen frå røykomm til eldstad med skorstein er eit av dei viktigaste framstega her i landet når det gjeld bygningshistorie og bukvalitet. Skorsteinen blei vanleg på Vestlandet først på 1800-tallet då jarnomnen kom i bruk. Før den tid steig røyken opp til taket og ut gjennom ljoren, først frå en open eldstad eller åre midt på golvet, og seinare frå en røykomm. Dette forklarer ordet røykommstove eller røykstove.

I dag har de aller fleste røykstover fått skorstein og vindauge, og vi må ty til gamle fotografi eller måleri for å få eit inntrykk av korleis interiøret var. Opphavleg hadde ikkje røykstova vindauge, stova fekk lys gjennom ljoren, opningen i taket. Seinare, då gamle røykstover fekk vindauge, blei dei gjerna kalla glasstover. Det seier seg sjølv at ei slik stove ikkje kunne ha loft som stengde for røyken. Utvendig er det ikkje nemnande skilnad på eksteriøret til en røykstove og til dømes den litt seinere lemstova. Begge hadde saltak og vegger i laft, med eller utan kledning, og torv eller heller på taket.



Denne flotte
lemstova står
på Liasete
i Odda.





Røykstove i Kvam
i Hardanger.
Måleri av Adolph
Tidemand frå 1867.

Sveitserhus og raud løe: slik blei mange gardstun sjåande ut på den norske landsbygda etter jordskiftet.



I første del av 1800-talet blei den typiske vestlandske leinstova skapt. Det skjedde ved at to tømrastover – gjerne opphavlege røykstover – blei flytta inn til kvarandre og kopla saman, ofte med eit overbygd mellomrom med plass til både kjøken med grue, gang og trapp opp til andre høgda der lemen over kvar av stovene fungerte som soverom. Dette blei det vanlege stovehuset på mange gardar. Stovene, som no fekk flat himling, blei utstyrt med peis eller jarnomn med skorstein. Det eine av dei to romma vart gjerne bustad for kårfolket.

Jordskifte og effektivisering

Vestlandet er ikkje berre den regionen i Noreg som med Bergen har landets eldste urbane tradisjon, det er også i denne landsdelen det var mest vanleg for bøndene å leva i jordfellesskap. Men med tida blei teigene rundt tuna svært små, og drifta lite rasjonell.. På 1800-tallet tok styresmaktene affære, og sette i gang utskifting: Teigar blei slegne saman og fellestuna oppløyste ved at kvar familie no etablerte seg på kvart sitt tun. På denne måten vart gardsdrifta meir effektiv. Ulempa var mindre felleskap og samhald.

Ein bonde som vaks opp i eit tun i Odda, hugsar at dei som ikkje lenger

budde i fellestunet, heldt meir avstand til andre. Det vart etter kvart slutt på å gå rett inn til naboen utan å banka på.

Med 1860-åra kom det nye tider til Hardanger. Dampsksipsruter og postgang på nye vegar skapte samkvem, ny kunnskap, nye varer og nye motar. Pengesamfunnet byrja å ta over for det gamle sjølvbergingshushaldet. I samband med utskiftinga som moderniserte landbruket, kom den raude løa som samla alle dyra på garden, alt foret og all reiskapen til bonden under eit tak med gjødselkjellar i botnen, og mange gardar fekk nye og større våningshus.

På mange gardar vart leinstova erstatta av nye hustypar då fellestuna vart oppløyste. Særleg blei sveitserhuset populært. Det vi kallar sveitserstil er eigentlig ei blanding av tradisjonelle trearkitekturformer henta frå fleire deler av Europa, som kom på moten i Norge på denne tida. Slike hus har høge, bratte saltak over luftige rom med store vindauge og romslege altanar. Dette romslege midtpipehuset fekk ofte to fulle høgder og skifer på taket.

Frå kyrkjested til industriby

Husa i Brotateigen, på begge sider av Eitrheimsvegen, fortel om det eldste sentrumssområdet i Odda. Det vaks fram i sjøkanten, først på Almerket der eigedomslause strandsitjarar slo seg ned, fleire med små krumbuer i enkle bustadhus. Så kom det fleire hotell og eit yrande reiseliv rundt bryggjene, og lengst aust i stranda eit miljø som handla om handverk, handel, båtliv og trafikk. Dei små bustadhusa frå andre halvdel av 1800-talet hadde verkstader eller forretningslokale i første høgda. Framleis er det ei blanding av bustader og butikkar i dette området.

Etter at folketalet hadde auka frå 807 personar i 1801 til 1596 i 1865 var steinkyrkja frå kring 1250 blitt for liten. I 1870 stod den nye trekkyrkja ferdig. Gamlekyrkja vart riven på dognad ein laurdag. Motstandarane av rivinga stod med nevane i bukselommene og såg på, heiter det. Dette er det første av fleire hus oddingane seinare har angra på at dei har rive.

Det seiest at det var turistane som kom til Odda for å sjå dei imponerande fossefalla, som først forsto korleis denne naturen kunne utnyttast til industriføremål. Akkurat kven som fekk den idéen først, vil vi nok aldri få vita, men sikkert er det at tidleg på 1900-tallet byrja kraftutbygginga. I 1906 kom nær tusen anleggsarbeidarar for å byggja kraftstasjon og karbidfabrikk. I Tyssedal blei to gardsbruk endevende. Eit heilt nytt samfunn vaks fram rundt kraft-





Røldalsvegen
i Odda ca. 1914.

stasjonen. På to år var også jordbruksbygda Odda gjord om til industristad. I 1908 blei både kraftanlegget i Tyssedal og karbidfabrikken i Odda tekne i bruk. Den fredelege kyrkjesteden inst i Sørfjorden blei til ei heksegryte av larm og aktivitet. I 1922 skildrar journalisten Ben Bolt sitt møte med Odda: «Ukjendte folk som kom reisende ind Hardangerfjorden ved nattetid, trodde alltid at hele Odda stod i brand. Fra ovnene slog et veldig flammeskjær mot himmelen. (...) Braket av kul- og stenvagger som tømtes i siloer og kalkovner blandet seg med ramlen av luftbaner og i den skarpe klang av sleggenes slag på lansenes staal til et infernalsk spetakkel. En djævels musik, hvori der aldri forekom pauser. Og over al denne larm rullet ildskjæret frem og tilbake mot himmelen, og mænd arbeidet og slet mellom ild og støv og glødende jern, mens døden luret paa dem fra alle kanter for hvert skridt de tok».

Men det er ikkje sikkert at det berre var røyken og larmen som fekk turistane til å velja andre reisemål enn Odda. I 1908 blei det mogeleg å ta Bergensbanen over Hardangervidda, og dermed var ikkje lenger Odda eit knutepunkt for trafikken mellom aust og vest. Velståande europearar på jakt etter mektig natur vart erstatta av folk på leit etter et betre liv enn det landsbygda kunne tilby. Slik opplevde Ben Bolt folkelivet i byen: «Til Odda strømmet folk fra

Den gamle kyrkja
ligg lengst til
høgre i biletet,
som viser ein del
av Odda ca. 1865.

Odda Smelteverk,
ca. 1915.



nær og fjern. Alle nationer og alle slags mennesker rystedes om hverandre. Det var folk av alle aldre undtagen de gamle, dem hadde man ikke bruk for. Rallare og bondegutter, fallerte kjøbmænde og embedsmænd med underslag, fhw. Prester, læger, sagførere og alle andre sorter av «forhenværende», alle strømmet de til Odda i haabet om paa kort tid at lægge sig op endel penger (...) Ingen brydde seg om hvad en annen hadde vært eller hvor han kom fra. (...) Man kunde gjerne kalle seg Olsen den ene dag og Løvenhjelm den næste utan at et menneske fant noget rart i det. (...) Hele stedet var som en amerikansk guldgraveleir».

Det er ikkje å undrast over at dette kunne bli kraftig kost for dei lokale bøndene, og det tok lang tid før arbeidarane vart aksepterte som en del av lokalsamfunnet. Ein bondeson hugsar det slik: «Bøndene var strie imot arbeiderklassen (...) Arbeidara var tjuvar og kjettringar og alt sånt noe». Han fortel om en bonde som fikk nok av tjuveri og sette ei revesaks i frukthagen sin. Andre skaut med salt på gjenger på ebleslang. Men etter kvart måtte bøndene medgje at også nykommarane var godtfolk. «Det kom mange bondegutter frå bygdene på Vestlandet, og mange av dem var staskarer.»

Også byggestilen i Odda blei prega at det no var nye tider. Det var britisk-

eigde Alby United Carbide Factories Ltd som sto for utbygginga. Dei utvikla ikkje berre fabrikkområdet, men også av store deler av Odda sentrum, blant anna ved bustadbygging. I England hadde industrirevolusjonen starta alt på 1700-tallet, og landet har ein rik tradisjon med vakre, bynære fabrikkar i murstein med forseggjorde detaljar. Store deler av Odda ber preg av denne påverknaden. Det som kanskje er mest slåande er kor godt fabrikkområdet er tilpassa det opphavlege sentrumsområdet, og kor godt bygningane frå dei første tiåra av 1900-tallet er tilpassa dei eldre husa. Det finst ingen skarpe skilje mellom desse bygningane. Gamle stover står vegg i vegg med sveitserhus med bratte gavlar og store vindauge. Også trehusa frå tidleg på 1900-talet med sine typiske valmtak og småruter i øvste feltet i vindauga passar godt saman med det som er eldre.

Byplanar laga gater og regulerte inn kvartal der det hadde vore innmark og gardstun. Røldalsvegen, som frå gammalt hadde starta nede ved Almerket og gjekk beint oppover forbi dei flate böane, blei hovudgate i Odda. Her og i sidegatene mot vest kom ulike nye forretningsbygg med bustader i etasjane over butikklokala. Folketalet auka sterkt, og dei som kom til den nye byen hadde mange ulike behov som skulle dekkast. Her var bruk for næringsdrivande av mange slag.



Arbeidarar ved
karbidpakkeriet,
Odda Smelteverk,
1957.




Men mest av alt trongst det bustader. Industriselskapa bygde fleirfamiliehus for arbeidarar. Funksjonerar fekk litt meir forseggjorde og romslege hus. Direktørane budde staselegast med den beste utsikten.

Dei første firemannsbustadene for arbeidarfamiliar blei sette opp i Folgefondgata, på Nyland og i Tjoadalen. Same typen hus med valma tak, men litt større grunnflate, blei bygd på Krenkesflot, i Røldalsvegen og i Gamle Odda-veg i Tyssedal.

I Småboligane, som dei minste husa blei kalla, fekk kvar familie eit rom og kjøken. I kjellaren var det matbu og vedbu. Vatn måtte første tida hentast i vassposten ute i hagen. Etter nokre år var utedoen avskaffa og alle hadde bytt ut parafinlampen med elektrisk straum.

For arbeidarfamiliar med mange born blei det ofte trongt om plassen. Familien Rokne kom til Odda frå Ulvik. Faren fekk jobb som skiftarbeidar på Cyanamiden. Første tida var dei far og mor og fire born på eit rom og kjøken i Folgefondgata. «At det var trongt om plassen, seier seg sjølv. Mor og far låg

Portbygningane ved fabrikkporten, som før var den einaste inngangen til Odda Smelteverk, blei bygd i 1912. Dei knekte tak med valm, og vindauge med småruter i øvste feltet er typiske for jugendstilen som var den tids mote. Odda har mange flotte døme på denne stilten.



Detaljar frå bygningar frå dei første tiåra av førre århundre på Smelteverks-tomta.

Den første
byplanen
for Odda
sentrum,
godkjend
12. september
1907.



i storesengi i stova, den minste jenta i vogga. Syster mi og eg låg i ei feltseng på kjøkenet, medan bror min til å byrja med låg i gryteskapet,» fortel Margit Digranes som snart fekk endå fleire sysken. Familien på ni fekk flytta til Murboligen. «..det var storveges! Stor stova, stort kjøken, entré og soverom som me ungane hadde åleine, mor og far låg i stova som skikken var då. Eige WC fekk me og, og gode buer på loft og i kjellar.»

Murboligen var splitter ny og topp moderne i 1915. Dei 44 leilighetene hadde både innlagt vatn, vassklosett og elektrisk straum. I Tyssedal blei mange av dei nye bustadane bygde i mur. Først Slottet, ei murblokk med husvære for både familiar og einslege, så vertikaldelte bustader for maskinistar og to store bustadhushus for funksjonærar.

Inne på Tveitahaugen ligg ein av dei første norske hagebyane som var utforma etter engelsk mønster. Her skulle arbeidsfolk få sleppa eit liv i blokk, her fekk dei tre rom med høg standard og eigen hage.

Dei fleste som fekk ny leilegheit i fabrikkbyen, budde betre og langt meir moderne her enn der dei kom ifrå. På bygdene hadde folk flest korkje innlagt vatn eller straum dei første tiåra av 1900-talet, og alle hadde utedo. I byane var det vanleg med kaggedo i trappeoppgangen og ofte svært enkle butilhøve.

Det største problemet var at bustadbygginga ikkje heldt tritt med tilflyttinga. Mange budde lenge i dårlige brakker, andre leigde rom hos familiarar som eigentleg hadde bruk for plassen sjølve. Det seiest at skiftarbeidaranar gjerne delte ei seng. Sidan dei jobba på skift, kunne dei også sova på skift. Han som kom frå arbeid kunne leggja seg i oppvarma seng. Slik slapp dei fyra så mykje om vinteren, vart det sagt.

På 1930-talet budde det på det jamne 25 personar i ein av tomannsbustadane på Egne Hjem. I to vintrar heldt familien Odland frå Røldal hus i kjellaren her med ni born. Innom vaskekjellaren hadde dei stove i form av

Det er vanskeleg å førestilla seg kor tett folk budde i desse fine, nye og den gongen svært moderne husa. Småboligane i Folgefondgata (3) hadde fire familieleileigheter med eit rom og kjøken. Når familiene etter kvart fekk større husvære, som på Tveitahaugen i Tyssedal (2), leigde dei gjerne ut stova til einslege arbeidaranar. Og mange budde i kjellarar: I kjellaren i dette huset på Egne Hjem budde det en familie på elleve i to vintrar på 1930-tallet (1).

Både i Odda og i Tyssedal blei det også bygd større firemannsbustader (4)



eit lite kott på knapt åtte kvadrat. Bak eit forheng på eine veggen var ein to meter lang sovealkove med sengebrisk i to høgder. Det var rett og slett ikkje plass til alle, dei eldste borna måtte liggja på flatseng hos ein nabo, fortel Lars Odland, ein av ungane som ikkje forstår korleis mora kunne klara slike butilhøve.

Velstand, vekst og ny arkitektur

Odda var ein rik kommune på slutten av 50-tallet. Det var i desse åra byen fekk nytt rådhus, bibliotek, kommunal kino, symjehall og idrettshall, og svært mange nye bustader. Desse blei bygde etter heilt nye arkitektoniske prinsipp, utvikla tidleg på 1900-tallet. I dei åra gjorde arkitektar opprør mot det dei opplevde som overdådig og tilbakeskodande dekorasjon. I staden for nye bygningar som imiterte greske tempel eller mellomalderhus, ville dei ha klare liner og geometriske former, unødvendig dekorasjon var bannlyst, boligar



Murboligen.



Mange bygningar i Odda er inspirerte av prinsippa for funksjonalistisk eller moderne arkitektur, som blant anna har dette som kenneteikn: Eit separat beresystem av søyler og vindauge plassert tett i lange horisontale rekker (rådhuset, foto 4), fritt komponert fasade (einebustand på Freim, 2), flatt tak med terrasse (einebustader på Freim, 1) og skjelett av armert betong og fri innvendig planløysing (symjehallen, 3).

skulle ha lys, luft og grøne omgjevnader. Armert betong, eit materiale som blei utvikla mot slutten av 1800-talet, gjorde det mogeleg å realisera dei nye konstruksjonane. Cement har eksistert i fleire tusen år, og dei gamle romerane kunne støypa i betong både over og under vatn, men armert betong var noko heilt nytt. Materialet blei uløyseleg knytt til den nye arkitekturstilen.

Ser vi på hus i Odda frå før krigen, er det tydeleg at dei er bygde etter de same prinsippa som den eldre bygningsmassen der veggene er berande og taka tradisjonelle. Hus som er reist etter krigen, har ein heilt annan stil: Dei har klare liner, geometriske former, ofte flate tak og store vindauge i pakt med moderne prinsipp.

Det enorme
Skalltaket kviler
på nokre få
støttepunkt.



Det er likevel først og fremst Skalltaket som vitnar om mogelegheitene betongen hadde å by på. Skalltak er eigentlig eit faguttrykk for boga tak støypte av et tynt lag armert betong. Forma gjer det mogeleg for eit stort tak å vera sjølvberande mellom støttepunktta. Skalltaket som blei bygd på 50-tallet er ikkje berre eit viktig landemerke i Odda, men også eit døme på eineståande ingeniørkunst.

Nye utfordringar og mogelegheiter

Odda sentrum ber preg av det som skjedde i dei første tiåra av førra århundre, og i dei gode åra etter andre verdskriga. Frå eit arkitektonisk synspunkt har ikkje byggjeria i dei siste tiåra sett spor etter seg på same måten. Det er fleire årsaker til dette. Etter 1960 – då det blei fritt sal av privatbilar i Noreg – flytta mange ut or byen til bustader høgare oppe i lia. Mange boligar i sentrum blei tekne i bruk til kontor og andre føremål. Behovet for å byggja inne i byen har difor ikkje vore så stort.

Vilkåra for industrien har også vore avgjerande for dette. Dei siste tiåra av førre hundreåret var vanskelege for industrien her i landet. Mykje industriproduksjon ble flytta til land med billigare arbeidskraft. Trass i ein vellukka snuoperasjon i 1986, blei Odda Smelteverk nedlagt i 2003. Dei andre berande bedriftene i Odda har lakkast i å omstilla seg til nye tider og ny teknologi, og industrien er framleis den største arbeidsgjeveren i kommunen.

Den viktigaste årsaka til at arkitekturen frå 1990 til i dag ikkje utmerkjer seg, er kanskje likevel rett og slett at den i større grad enn bygningar frå etterkrigsåra har tilpassa seg det eldre bygningsmiljøet. Dette kan forklarast med

Alle desse bygningane, Sørfjordsenteret i Odda frå 1992 (1), Handelslaget i Røldag frå 2003 (2), Oddagrillen frå 1988 (3) og Bokkotunet i Odda frå 1997 (4) er tilpassa eksisterande bygningsmiljø og lokal byggeskikk. Dei store bygningane er brotne opp i seksjonar, taka har same form som eldre bygningar, fargane er samstemde med miljøet omkring. Sørfjordsenteret og Bokkotunet er med på å skapa gaterom, medan Handelslaget i Røldal og Oddagrillen er godt tilpassa omgivnadene.



I dag er det mogeleg å gå fra Røldalsvegen opp til Siloen og Smelteverkstomta. Men det er ikkje mange år sidan eit piggtrådgjerde skilde byen og fabrikkområdet.



Siloen på Smelteverkstomta har klassisk-inspirerte fasadar og deler av veggene er i murstein.

Bygningen var banebrytande i si tid: Den er eit av dei aller første bygverka her i landet med berande råme i armert betong. Siloen kan snart takast i bruk til nye føremål.

at vi som samfunn i andre halvdel av 1900-talet blei meir medvitne verdien av kulturminnene. På 70-talet aksjonerte folkerørsler mot rivning av eldre bydelar i mange norske byar, og mange fine gamle strøk vart redda. Det gjekk ikkje like bra i Odda, der blant anna Folkets Hus og Hotel Hardanger blei rivne i same tiåret trass i høglytte protestar. Samstundes har fleire av oss fått augene opp for verdien av historie og kulturminne, og fleire legg vekt på å tilpassa nye bygningar eksisterande miljø.

Sentrumsområdet i Odda blei over natta dobbelt så stort då gjerdet rundt Smelteverkstomta blei opna opp. I hundre år var det berre dei tilsette på fabrikken som fekk lov til å passera portvakta. No er eit stort areal og mange ledige bygningar disponible for vidare byutvikling.

Dette området har kvalitetar som vil kunna styrkja særpreget til Odda og utvida sentrumsområdet austover frå Gågata.

Hundre år etter at turistane tok skrekken og forsvann, er dei no komne tilbake. Den gongen var det først og fremst fossane som trekte mange hit. I dag er det Trolltunga. Kanskje er det difor på ny reiselivet som skaper vekst i Odda og som blir eit kjærkome supplement til industriverksemndene som også opplever gode tider.







PRAKTISKE RÅD
OG RETNINGSLINER

Bygningen og miljøet

Når kan arkitekten få frie tøyler, og når bør omsynet til lokale tilhøve koma i første rekkje? Altfor strenge krav til formgjeving kan lett skapa eit einsformig resultat. Dei som byggjer, må retta seg etter mange ulike krav blant anna til tryggleik, klima og universell utforming. Dersom huset i tillegg må likna på nabohusa, blir det ikkje mykje spelerom for kreativitet.


Det er likevel nødvendig å vurdera i kva grad bygningen påverkar miljøet omkring. Står huset inne i ein hage i eit bustadområde med variert arkitektur, er det ikkje noko i vegen for litt originalitet. Ligg det synleg i verdfullt kulturlandskap, eller i tett bymiljø med bygningar som er typiske for staden, bør nye hus vera med på å løfta fram særpreget i området, og ikkje bryta med dette.

Bygningar som spelar ei viktig rolle i samfunnet, som til dømes kyrkjer og rådhus og andre såkalla signalbygg, kan ruva i terrenget og skilja seg ut frå resten av bygningsmassen. Bustadhus, butikklokale eller andre kommersielle konstruksjonar bør ikkje verka dominerande i terrenget eller bybiletet. Nye bygningar eller tiltak i terrenget må med andre ord ta omsyn til korleis dei vil ta seg ut på avstand.

Huset og terrenget

Det er ikkje alltid like lett å tilpassa eit hus til ei bratt tomt. Det er betre å terrassera hagen enn å leggja ut ei stor fylling mot naboen. I terrenget med sterkt stigning, bør det byggast med sokkeletasje. Huset kan også trappast ned innvendig, til dømes ved å la stova liggja på eit anna nivå med god tilgang til utearealet. Terrassar og balkongar må ikkje verka dominerande i høve til bygningen og miljøet omkring.

Cyanamiden sin klassisk-inspirerte, mørkegrå fasade står i skarp kontrast til den fargerike forgrunnen med grønt Vitesenter og haustkledde tre.








Bratt terreng er ei utfordring som kan snuast til noko positivt. Det er ikkje berre enklare og billegare å følgja terrenget enn å fylla ut terrassar, det er også vakrare og ofte betre. Sokkeletasjen kan brukast til garasje (1) eller separat husvære (2), ein skrånande hage kan vera sjarmerande (3), og skrånande terreng kan gjera det lettare å koma til både kjellar og første etasje (4). Det er også meir i tråd med lokal byggeskikk å tilpassa bygningen til terrenget, enn omvendt.

Odda har høge fjell og djupe dalar, og sol- og vindtilhøva er ikkje alltid dei beste. I dalbotnar, nær vassdrag og i andre område med mykje kaldluft, bør bustader utformast slik at dei har lune uteplassar. Bygningar bør plasserast på den nord-austre delen av tomta, og utearealet bør skjermast mest mogeleg mot vind. Opphaldsareal inne og ute bør ha orientering mot sør og vest.

Det er spesielt viktig at hytter tek omsyn til landskapet og terrenget på ein harmonisk måte. Den enkelte hytta bør tilpassast omgjevnadane, dei naturgjevne så vel som dei bygde, også i større hytteområde. Di mindre inngrep i terrenget og vegetasjon, di betre. Slik tek ein best mogeleg vare på den naturen ein er på hytta for å oppleva. Enkle materialar og detaljar passar oftast best inn.

Over det vakre helletaket på eit våningshus på Mannsåker ser vi den gamle hotellbygningen i Hovden.



Desse hyttene
glir harmonisk
inn i landskapet.
Fargar og materi-
alar er i pakt med
omgjevnadane,
bygningane ligg
lågt i terrenget
utan å dominera.



Ein bør unngå sterke fargar som stikk seg ut i naturen. Hytter bør ikkje ruva i terrenget. Terrassar kan godtakast i tettbygde hyttefelt, men som regel bør inn-grepet i naturen gjerast så lite råd er.

Hytter bør liggja lågt i terrenget og ikkje dominera i skråningar og på høgder. Bruk minst mogeleg blanke og reflekterande overflater, dette gjeld både tak, vindauge og andre bygningsdeler. Hytter bør målast eller beisast i fargar som er i pakt med tradisjonen og er lite synlege i naturen. Det same gjeld tak, unngå raude eller glaserte tak som stikk seg ut. Det finst reglar for mange hytteområde i Odda, høy med kommunen som har nærmere opplysningar.

God formgjeving og tilbygg

Det er skilnad på korleis vi opplever ein bygning som er frittståande, som altså ikkje står inntil andre bygningar, og ein bygning som er bygd i rekke. Når bygningar står vegg i vegg, kan vi berre sjå ein eller to fasadar. Då blir rommet mellom husa, gatene og plassane viktigare enn kvar enkelt bygning. Med andre ord: Her blir byggjelinjer, mønehøgder og tilpassing av fasadar svært viktige.

Også frittståande bygningar må ta omsyn til miljøet omkring. I tillegg er

det avgjerande at slike hus, som ikkje står vegg i vegg med andre, har ei god form.

Kva er god formgjeving? Som regel har både gamle og nye bygningar relativt gode former om dei ikkje er bygde om. Ser vi nærmare på bygningar, både tradisjonelle og nyare, legg vi merke til at dei fleste har ei rektangulær form, meir eller mindre som eit vanleg A4-ark, både i plan og fasade. Dei gamle grekarane kalla rektangelet det gylne snitt og laga reglar for denne forma. Desse reglane kjende neppe dei som bygde gamle våningshus og eldre byhus på våre trakter. Det er ganske enkelt slik at vi menneske opplever dette rektaangelet som ei harmonisk form. Denne harmonien vert ofte skipla når hus ved påbygde og ombygde.

Det finst mange fine små stover i Odda kommune. Ofte er dei minste stovene også dei eldste. Den gamle røykstova frå 1600-talet på garden Ragde i Odda, til dømes, er berre 14 kvadratmeter. Stover frå 1800-talet kunne vera på kring 30 kvadratmeter og hadde ofte loft. Det er ikkje tvil om at folk var



Døme på små stover som med tida er blitt utvida. Slike tilbygg er ein del av den lokale byggeskikken i Odda.



Terrassar og balkongar treng ikkje alltid vera så store (1 og 4). Og somme gonger er eit uterom rett på bakken den beste løysinga (2). Garasjetaket kan bli ein fin terrasse der tilhøva ligg til rette for det (3).

vane med å bu trongare før enn no, men hovudårsaka til at husa var så små, var nok mangel på trevyrke. Difor tok gjerne folk med seg husa når dei flytta, slik vi i dag tek med oss møblane. Og blei ikkje huset flytta, vart tømmeret brukt om att. Ein måte å spara materialar på var å byggja løa saman med stova, eller å byggja på stova på ei eller fleire sider, alt etter behov og økonomi. Slik har dei små stovene gjerne fått eit ekstra rom på eine langsida, eit vindfang på den andre, ein liten skut på kortveggen, og så vidare. Slike tilbygg rettar seg ikkje alltid etter klassiske reglar for god arkitektur, men dei er uttrykk for ein lokal byggeskikk og dei fortel ei historie. Sjølv om takvinklar, materialval og vindauge ikkje alltid høver i hop, så er dei ulike endringane oftast gjorde i respekt for bygningstypen, stil og proporsjonar.

Heilt annleis er situasjonen når hus av nyare dato blir påbygde. Då er det som regel snakk om større hus med ei utforming som gjer det vanskeleg å tilføya nye element. Resultatet blir ofte eit anlegg i ubalanse.

I dag handlar det oftast ikkje om å utvida huset for å få fleire rom, men om





Byen og fjorden
sett frå Mannsåker:
Gamalt og nytt
leve side om side
i Odda.

Overdimensjonerte terrassar vitnar ikkje alltid om god smak. Dei tek dessutan mykje lys frå romma i første etasje.



å byggja uteplassar eller garasjar. Står huset i ein hage, er det beste å ta hagen i bruk ved å leggja heller direkte på bakken. Er det husvære i andre høgda, vil dei som bur der, ha stor glede av ein balkong. Då er det viktig å finna ei løysing som respekterer huset sin karakter og form. Dette er ikkje berre eit spørsmål om estetikk. Eit tilbygg som er godt utforma, kan auka verdien på bygningen. Overdimensjonerte og lite smakfulle utvidingar kan ha motsett effekt.

Takets form og materialer

Taket er avgjерande for karakteren til huset. Dei fleste husa på bygda i Odda har saltak. I tettbygde strøk finn vi ei blanding av saltak, valma tak og flate tak. Nye hus må ikkje alltid ha same type tak som nabohusa, men dei bør tilpassa seg eksisterande bygningar. Om eit område har ein viss taktype som kjentesteikn, bør nye hus forsterka, ikkje svekka denne eigenarten.

Dei mange skifertaka er eit av dei viktigaste særtrekka ved byggjetradisjo-

nen i Hardanger. Det er minst tre gode grunnar til dette. For det første er den lokale skiferen med den glimrande sølvgrå overflata svært vakker, for det andre er det snakk om ein svært gammal tradisjon med lokale skiferbrot som kan sporast tilbake til 1400-talet. Og for det tredje er taka lette å få auga på i det bratte terrenget. Vi finn villskifer på gamle løer, våningshus har ofte ruteheller eller firkantskifer, og mange bustader og industribygg i Odda har lappskifer eller dråpeskifer.

I dag har dei færraste råd til å leggja slike store skifertak som folk brukte på løer og andre bruksbygg for berre hundre år sidan. Produksjonen av nye skiferheller er ikkje så stor som før, og det er tidkrevjande å leggja eit skifertak. Det er som regel både enklare og billegare å velja ein annan type taktekking.

Skifer er dessutan eit tungt materiale som krev grov konstruksjon. Er det snakk om å redda ein eldre bygning (og det ikkje er mogeleg med ei større vøle på kort sikt), kan løysinga vera å leggja eit lettare tak som gamle bjelkar kan bera.



Glitrande tak-heller er eit viktig særtrekk i Odda og noko byen og bygdene rundt har til felles.





Heller over det heile på begge taka hadde kanskje vore å føretrekkja. Men bygningane fortel om tilpassing og kontinuerleg bruk.

Skifer er ikkje berre eit vakkert materiale, det varer nærmast evig. Dyktige fagfolk har spesialisert seg, ikkje berre på reparasjon av skifertak, men også på ombruk av skifer som må takast ned. Slik kan heller frå eit tak koma til nytte og få nytt liv på ein annan bygning.

Også torv er blitt mykje brukt i Odda, og det finst mange fine torvtak på gardar, stolar og hytter. Torv er svært vakkert, men må leggjast på rett måte og krev vedlikehald for å unngå sig og lekkasjar. Dei som har eller ønskjer å leggja torvtak bør rádføra seg med ein fagperson. Kommunen kan gje informasjon om fagfolk med kompetanse på å leggja både torv og skifer.

Mange skifer- og torvtak er i seinare år erstatta av andre materialar. Tak dekka med takpapp eller bølgjeblekk som gjerne har rusta, er blitt ein del av kulturlandskapet og kan vera vakre. Det er viktig å velja takmateriale som harmonerer med gråtonane i skiferen og naturen elles. Sjølv om det finst mange fine gamle bygningar med raude tegltak, er det kanskje best å unngå tak med slike sterke fargar. Det same gjeld glaserte og reflekterande tak. Hugs at tilbygg, uthus og andre konstruksjonar bør ha same type tak som bygningen dei tilhører.

Frå Buer.

Stein, tre, tegl og betong

Rundt gardar og stølar i Odda ligg bør og beitemarker i form av opne enger omkransa av steingardar og steinrøyser. Ofte er terrenget utvida og støtta opp av oppmura terrassar. Dette landskapet er forma av hardt arbeid gjennom fleire århundre. Folk har stabla opp steinrøyser og murt steingardar, dei har brukt stein til å sikra stiar og vegar, og ikkje minst til murar under løer og bustadhus. Resultatet er eit unikt kulturlandskap. Alle desse steinkonstruksjonane, ikkje berre bygningane, er viktige kulturminne som ikkje skal byggjast ned eller fjernast. Andre installasjonar, som løypestrenger og taubaner som framleis er i bruk i dei bratte fjellsidene, fortel også viktig historie.

I Odda er dei fleste husa bygde i tre. Eldre bygningar har ofte lafta kjerne kledd med panel for å verna mot fukt. På Vestlandet blir det ofte brukt liggjande panel fordi det då er mogeleg å byta ut dei nedste borda som gjerne først får fuktskader. Lettare konstruksjonar i reisverk, utan lafta kjerne, kan ha ståande eller liggjande kledning. Nye bygningar eller tilbygg bør få ein type kledning som passar ilag med naboane.

Steingjerde, gamle grunnmurar og opplodde steinrøyser fortel om hardt arbeid. Løypestrenger og taubanar gjorde det lettare å frakta lauv, ved og mjølk ned frå fjellet. Nokre av dei framleis i bruk.






Ståande og
liggende kled-
ning på eldre
hus: Ei løe på
Agatunet (1), et
hus i Eitrheims-
vegen i Odda (2),
eit uthus på
Strand (3) og
Haugestova
på Røldal Bygde-
museum (4).

Med industrien fekk Odda mange flotte bygningar i murstein først på 1900-talet. Slike bygningar finn vi både innafør og utanfor Smelteverkstomta. Dei har same stil og utforming, men medan fasadane i sentrum har fått murpuss, står fabrikkbrygningane med ubehandla raud tegl. Byen har også mange betongkonstruksjonar. På Smelteverkstomta er betongoverflatene synlege, i andre område er del måla eller kledd med anna materiale. Betong blir bruk den dag i dag, men i dag er ulempene med dette materialet meir kjende: Betong kan ikkje brukast om att og det krev mykje energi både å produsera og å riva bygningar i betong. Det kan vera meir miljøvenleg å vurdera bruk av andre materialar, som til dømes nye produkt i tre – som er brukande i brannsikre bygningar i fleire høgder.

Nybygg må ikkje ha same materialbruk eller fasadekledning som eksiste-
rande, men også når det gjeld materialval, bør nye bygningar tilpassa seg
nabolaget.



Pølsefugene på veggen i murstein viser at det vart lagt stor vekt på godt handverk og vakre detaljar for hundre år sidan (1). Mønsteret på betongveggen er spor etter treverket i forskalinga betongen blei støypt i (2). Trass i klassisk-inspirerte detaljar og vegger i tegl er Siloen ein av dei første bygningane i Noreg med berande struktur i armert betong (3). Stål, glas, betong og tegl skaper varierte fasadar (4).

Fargerike Odda

Fargar fortel mykje. Vi kjenner dei raude låvane. Når det av og til dukkar opp ein okergul, er den meir synleg for oss i landskapet. I sørlandsbyane ventar vi å finna kvite hus, i fiskeværa i Lofoten står for det meste raude og okergule hus. Også umåla trehus har ulike fargar, frå varmbrune tjørebeisa til sølvfarga løer.

Husa i Odda er fargerike, av gode grunnar. Då røyken steig opp frå skorsteinane på fabrikken i 1908, la det seg ei mørk skodde over heile dalen. Røyken var så svart at mange trudde det var brann i byen. Støvet frå omnane la seg på tak og vegger, og kvite hus blei grå. Oddingane byrja å måla husa sine i fargar som var synlege gjennom støvlaget. Raude, grøne, gule og blå. Til og med kyrkja blei måla gul. Det vart såleis naudsynt for byen at bli farge-



Hus i alle regnbogen sine fargar skaper eit variert bybilete og gjev Odda sær preg.

Husa på denne garden viser korleis folk har bygd, utvida, endra og reparert opp gjennom åra. Det er mykje historie i desse veggane og taka.

rik, men det er ingen grunn til å gå bort frå denne paletten. Dei glade fargane skaper variasjon og sær preg. Og fargerike hus er ikkje mindre «norske» enn kvite. Før 1860 var kvitmålinga så dyr at berre dei aller færraste hadde råd til å måla hus kvite. Så kom billeg sinkkvitt, og raude, okergule, grøne og blå hus blei kvite. I Odda har ikkje berre dei tradisjonelle fargane blitt tekne vare på: Dei har også fått selskap av heilt nye fargenyansar. Det er forståeleg at mange vil måla husa sine kvite no når dette er mogeleg, men det er fare for at Odda då mister eit av sine viktigaste særtrekk.

Hus som ligg i natur- og friluftsområde bør derimot målast i fargar som skil husa minst mogeleg ut frå landskapet. Det er vedteke fargeplanar for visse område i Odda. Kommunen kan gje nærmere opplysningar om dette.

Endring av detaljar i gamle og nye hus

Ein eldre bygning ser sjeldan ut nett slik som då den var ny. Med tida, stundom frå langt tilbake, har gjerne taket blitt heva, det er sett inn nye vindauge,

Som regel er det dei opphavlege vindauga (som vist på bileta) som passar best til huset. Men ingen regel utan unntak: Somme gonger kan endringar også fortelja ei historie om tilpassing til nye formål og tider.





huset har gjerne fått inngangsparti, trappehus, ekstra soverom, eller nytt bad. På taket er torv erstatta med skifer og seinare kan skiferen vera bytt ut med eit anna materiale. Mange hus har skifta farge mange gonger. Vindauge med store ruter har erstatta vindauge med sprosser, somme hus har fått balkongar eller terrassar. Slike endringar fortel ei historie om nye behov, endra levestandard og nye produkt. Samstundes er det viktig å respektera bygningen sin karakter, og dette gjeld ikkje berre dei eldste husa. Sprosser høver like därleg på hus frå femtiåra som store glasflater på eit trehus frå 1800-talet.

Det er fullt mogeleg å tilpassa bygningar til nye behov, og somme tider må endringar til for at huset skal kunna brukast. Eldre bygningar og bygningar i omsynssoner kan vera pålagde særlege krav, og eigne reglar gjeld for freda bygningar. Men alle slags endringar, også på bygningar som ikkje tilhøyrer desse kategoriane, bør vera varsame og respektera huset sitt sær preg. Dersom ein bygning har vore gjennom ei endring som ikkje er historisk eller stilmessig korrekt, til dømes om eit eldre hus har fått ei moderne dør, kan slike detaljar skiftast ut med meir stilreine element ved ei renovering.

Samstundes er det vanskeleg å å gje klare reglar for tilbakeføreing av detaljar. Mange hus er blitt endra mange gonger og ofte er slike inngrep ein like viktig del av historia som den opphavlege konstruksjonen og detaljane frå den gongen. Denne rettleiaren gjev ein kortfatta oversikt over stilar og epokar. Meir kunnskap om sitt eige hus kan ein få ved å studera bygningar frå same periode eller rádføra seg med den lokale bibliotekaren som kan finna aktuelle fagbøker. Det er også mogeleg å spørja byantikvaren eller andre fagfolk i kommunen til ráds. Det finst også gode nettsider som gir rád og informasjon om bygningsvern, til dømes hos Bygg og Bevar og Gamle Trehus. Fagfolk som er opptekne av og har kjennskap til stilar og bygningsvern kan også gje verdfulle rád.

Det finst ingen faste reglar, men bileta av gode og mindre gode døme i denne rettleiaren viser at det som regel ikkje er tvil om kva som er god smak og kva som er därleg.

Naboskap

I ein kommune som Odda, med høge fjell og bratte dalsider, kan det bli trøngt om plassen, og dei fleste tiltak vil påverka nabotomtene på ein eller annan måte. Grannelova seier at ingen skal ha, gjera eller setja i verk noko



Det kan ofte løna seg å koma overeins med naboen.

som er urimeleg, unødvendig eller til skade eller ulempe på naboen sin eige-dom. Naboor må varslast i rimeleg tid om aktuelle tiltak. I mange tilfelle er det kanskje fullt mogeleg å gjennomføra eit tiltak utan byggjeløyve og nabovarsling. Likevel kan det løna seg å snakka med naboen, til dømes om du vil byta farge på huset ditt. Naboor kan også gå saman om enkelte tiltak, som til dømes å byggja ein felles garasje.

Fortetting og tilpassing

Fortetting er ikkje berre miljøvenleg, i byar er små plassar og gater ofte meir trivelege og fotgjengarvenlege enn store plassar og vide gater. Men det er viktig at nybygg tilpassar seg arkitektonisk og at dei er med på å skapa betre byrom.

Arkitektonisk tilpassing handlar om å ta vare på og forsterka lokale sær-trekk og å respektera proporsjonar og rytme, men det betyr ikkje at ein må kopiera. Det er ulike syn på korleis ta hand om historiske bygningar og korleis innlemma nybygg i gamle område. Det er mogeleg å rekonstruera i gammal stil, slik det blei gjort med Fantoft stavkyrkje etter brannen, eller ein kan

All detaljane – uteampa, murpussen, vindauga, den boga døropninga, til og med nummerskiltet, er med på å forma heilskaps-inntrykket av Murboligen.

halda fast på at nye bygningar bør vitna om si tid og at kopiar eller historisk tilpassing er uekte. Fagdebatten om dette har vore heftig, men i dag vel mange ein gyllen middelweg, der nye bygningar tilpassar seg dei eksisterande ved å respektera byggelinjer, etasjehøgde, mønehøgder, rytmen i element som vindauge og dører, fargar og materialar. Samstundes er det rom for å bruka eit formspråk av i dag. Målet er å oppnå variasjon innan ein heilskap.

Gode byrom kan skapast ved å plassera nye bygningar slik at dei dannar ei samanhengjande husrekke, at dei fyller dei hola som måtte finnast i tann-garden, at dei vidarefører byggelinene slik at alle husa skaper gater og plassar. Bygningar bør liggja vegg i vegg, i rekjkje. Kvartala bør ikkje bli for store, og

Tilbygget rettar seg etter lokal byggeskikk og skaper vilkår for vidare bruk av den gamle, flotte løa (1). Nære naboar kan gjerne vera ulike så lenge proporsjonar og byggelinjer vert respekterte (2). Dei fargerike trehusa er frå ulike periodar og fortel ei historie om skiftande stilar, men også om kontinuitet (3). Dette nybygget i Trondheim er eit godt døme på tilpassing der ny arkitektur viser omsyn til det historiske miljøet (4).





12




MATHALLEN
OSLO

af

det er viktig at det skjer noko på gateplanet, særleg i dei gatene der flest folk ferdast. Her bør fasadane ha butikkar eller annan publikumsretta aktivitet i første etasje. På den måten er husa med på å skapa liv og aktivitet i gata. Å ta omsyn til soltilhøve og vindretningar er viktig her i landet. Ein utekafé på ein lun og solrik stad kan bli ein populær møteplass. Ein benk eller ein leikeplass på ein mørk og trekfull plass, vil bli lite brukt. Utbyggjarar har ikkje alltid kontroll over alle slike tilhøve, men det er likevel mykje også ein privat tiltakshavar kan gjera for å skapa betre uterom, eller sørja for at gode uterom blir tekne i bruk.

Vulkan i Oslo er eit døme på ombruk av industribygningars og byfortetting: Den nye husrekka er tilpassa eksisterande bygningar. Fasadane er tilpassa utan å kopiera, bygningen er inndelt i mindre eininger som respekterer storleiken på den eldre bygningsmassen. Dette er med på å skapa eit lunt og solfylt byrom som kjennest passe stort (1, 2 og 3). Mange av dei som ferdast i området har nok eit eller anna ærend. Men det er også tydeleg at dette er ein stad der folk trivst og gjerne oppheld seg i lengre tid (4 og bildet til venstre).



Mange detaljar
er med på å
skapa noko
som er større
enn summen
av delane. Frå
Bergen.

Sjølv om Odda er ei liten by, er her mange gode byrom. God planlegging tidleg på 1900-talet og avgrensa byggeareal har bidrøge til kvartalsstrukturen i sentrum, til tette husrekker, torg og ikkje minst ei fin gågate.

Når det gjeld fortetting av industritomtene i Odda, er det viktig å verna om og løfta fram det som er spesielt ved dei feda bygningane. Det er om å gjera å unngå eit skarpt skilje mellom industriområdet og det som til no har vore sentrum. Ein god samankopling er mogeleg om nye bygningar på Smelteverkstomta vidarefører bygningstypar, detaljar og materialer som gjev byen sær preg, gjerne i ei tolkning av i dag. Samstundes som dei monumentale bygningane bør få dominera, bør gode byrom avgresast slik at området kan opplevast som trivelig. Arbeidet med å fortetta og utvikla industriområda i Odda er ikkje kome langt nok til at det finst døme å visa frem, men vi finn vellukka prosjekt i Oslo som kan vera kjelde til inspirasjon.

Uteareal, uteområder og andre element

Alle slags uteareal, private, offentlege eller mellomkategoriar som bakgardar med kafear og butikkar, er med på å skapa gode fellesmiljø. Sjølv om forbi-passerande ikkje har tilgang til hagar og terrassar, vil grøne innslag og blomekassar gje området vakrare. Og sjølv om det offentlege har ansvar for mykje i uteromma våre, som vegar, gater og plassar, kan det løna seg for private utbyggjarar og tiltakshavarar å gjera sitt til å skapa gode uterom. Ikkje berre blir det trivelegare å bu i området, eigedomsverdien er høgare i vakre og velstelte område og butikkar i slike strok vil trekkja fleire kundar. Somme stader har grunneigarar gått saman i spleislag for å oppgradera uteareal, og dette har vore god butikk.

Når vi er på skitur, ser vi etter lune solholer, helst med utsikt, der vi kan setja oss ned for ein pause. Det same prinsippet gjeld i tettbygde strok. Kafear, benker og andre rasteplassar bør veljast med omtanke og leggjast slik at dei er i le for vinden, og får så mykje sol som mogeleg, helst ettermiddag og kveld. Folk bør kunna sitja med ryggen til ein vegg og sjå på det som skjer. Det er ikkje noko i vegen for at ein bil kan passera gjennom gata i ny og ne, men viktige uterom bør ikkje ha gjennomgangstrafikk.

Alle element i uterommet er med på å skapa heilskapen. Små og store konstruksjonar, uteområder, lyspunkt og lampar, plantene og ikkje minst menneska som ferdast der. Dei fleste av oss likar å sjå litt folkeliv.



Leskura ved haldeplassane i Røldal (1) og Tyssedal (2) er godt tilpassa miljøet omkring. Eit smakfullt, lite iaugefallande skilt (3) kan vera meir effektivt enn mange fargerike og prangende (4).

Det skal ikkje mange plantene til før grå byrom blir fargerike og trivelege (5 og 6). Dessutan kan plantekassar og vegetasjon brukast for å avgrensa tilgang for bilar og menneske. Samstundes blir byrommet grønare og meir triveleg (7 og 8).



Utemøbler og andre element. I romma mellom husa plasserer vi ulike møbler og utstyr som bord og benker, skilt og reklame, bosspann, sykkelstativ, lysarmatur og mindre byggverk som trafokioskar og leskur. Slike element kan vera positive og nyttige, men det er viktig at dei blir plasserte på rett stad, at dei ikkje skaper forvirring eller stengjer for trafikken. Når vi møblerer stova vår, set vi som regel sofaen inntil ein vegg og ikkje midt på golvet. På same måte bør bord og benker i gaterom og på torg helst plasserast der det er lunt og godt å sitja, der ein kan sitja trygt og følgja med på det som skjer.

Små eller mellombels konstruksjonar som leskur, kioskar, trafostasjonar eller andre små byggverk må tilpassast miljøet omkring og plasserast slik at dei ikkje skaper hindring eller blir eit uroande element. Planter kan eventuelt brukast til kamuflering av konstruksjonen. Ved plassering av slike byggverk i naturområde skal det takast særleg omsyn til miljøet rundt. Plassering av større, mellombels konstruksjonar skal skje i samråd med kommunen.



Bygolvet spelar ei viktig rolle. Det er noko heilt anna å gå på forseggjorde brusteinsgater enn på asfalt.

Både gatelyktene og lampane ved døra til huset i bakgrunnen gjev eit dempa og skjerma lys. Dei som ferdast i parken har ganglys, men kan samstundes sjå skumrings-himmelen. Frå kulturkartalet i Porsgrunn.

Skilt og reklame er ein viktig og nødvendig del av møbleringa av byrommet. Vi treng skilt som kan losa oss fram i trafikken, og vi treng skilt for å finna fotoforetninga og frisøren. Men for mange store og «støyande» skilt kan vera forvirrande og lite tiltalande. Ved planlegging av skilt bør det takast utgangspunkt i kven som skal sjå skiltet, fotgengarar eller bilistar. Storleiken på skiltet, utforminga og kor høgt det skal plasserast må sjåast i samanheng med storleiken på bygningen og med miljøet omkring. Blir det for mange skilt i same området, vil bodskap kunna bli borte i «skiltskogen». Difor bør talet på skilt avgrensast og det kan vera lurt å samordna alle skilta på ein større bygning. Plateskilt og lyskassar bør ikkje brukast då desse ofte deler opp fasaden på ein uheldig måte. «Snubleskilt» kan koma i vegen for fotgjen-

Varmt, dempa lys kan ofte vera like effektivt som kraftig flaumlys, og det skapar meir stemning. Legg merke til korleis lysbruken på utestadane i Odda (1) og Stavanger (4) er med på å skapa atmosfære i gaterommet, og korleis lysa ved Portbygningen (2) og i Almerkeparken (3) i Odda visar vegen utan å blende.



=KINO=



garar og bør brukast så lite som mogeleg. Skiltbruken må retta seg etter krav til trafikktryggleik, storleik og utforming. Sjå nettsida til kommunen eller søk råd hos ein sakshandsamar.

Medviten lysbruk kan skapa spanande og trivelege byrom. Det er viktig at gatelys ikkje blir for kraftige eller at fleire typar lys kjem i konflikt med kvarandre. Alle typar lamper og lys, skilt, opplyste fasadar, gatelys og lys på private bygningar må planleggjast slik at ein unngår for mange ulike armatur med ulik lysstyrke og ulik type lys innan eit lite område.

Rampar og universell utforming. Det er ikkje alltid like lett å gjera bygningar tilgjengelege for funksjonshemma utan at det går ut over det estetiske. Difor må slike tiltak utførast slik at dei både blir tenelege for brukarane og tek seg godt ut. Trengst det fleire løysingar i same område, må ikkje desse vera for ulike. Tiltak på eldre, verneverdige bygningar må vera reversible, det må med andre ord vera mogeleg å tilbakeføra bygningen til opphavleg tilstand.

Utagørs lagring må ikkje verka skjemmande, vera til sjenanse for miljøet omkring eller vera i strid med miljøvernomsyn. På eller i tilknyting til industriområde må uttagørs lagring gjerdast inn og skjermast mot innsyn på ein

Dei byromma som er gode å vera i, trekkjer til seg folk på fine dagar. Mange set pris på å slappa av på ein benk eller ved eit kafébord der dei kan sitja og sjå på folk.



estetisk god måte. Fargar på inngjerdinga må tilpassast miljøet rundt. Bustadområde bør i hovudsak ikkje vera lagerplass for anna enn det som høyrer til vanleg hushald.

Golvet i byen er ikkje berre eit vegdekke, materialbruken her er avgjerande for korleis vi opplever byrommet. Vi ser ned når vi går, og eit vakkert gategolv kan gjera like mykje for eit torg eller ei gate som ny parkett heime i stova. Som regel er det det offentlege som står for gategolvet, men alle som byggjer eller gjer endringar på bygg, bør verna om bygolvet slik at det ikkje får skade og sørga for at alle element som kjem i kontakt med dette vert harmonisert med materialet i gatedekket. Dette gjeld trinn, rampar og andre konstruksjonar.

Parkeringsplassar bør, i tettbygde strok, plasserast under bakken eller i parkeringshus der det er mogeleg. I slike område bør utearealet disponeras til byrom eller bygningar. I bratt terreng kan høgdeskilnaden utnyttast til parkeing i sokkel eller på tak. I tillegg til å vera arealkrevjande, har parkeringsplassar ein tendens til å bryta opp gateløp og plassar, dei skaper større gangavstand og kan vera einsformige. Større samanhengande parkeringsareal bør brytast opp med heller, brustein og/eller vegetasjon.

Støyskjermar kan vera nødvendige, men har samstundes mange ulemper. Ei betre løysing er ofte å isolera bygningane betre mot lyd, slik Vegvesenet har gjort langs deler av Røldalsvegen i Odda. I dette byar bør gater, byrom og bustader vera synlege for så mange som mogeleg. Dette skaper variasjon og kjensle av tryggleik på begge sider av gjerdet.

Bruk av planter som tre, buskar og blomar skaper trivelege uterom. Plantene kan stå i transportable potter og kan også brukast for å skilja område for fotgjengarar og bilar. Planter kan også veksa i ein halvmeter jord mellom husveggen og fortauet.





**NYTTIG KUNNSKAP
OG REFERANSAR**

Frå plan til vern: Ein vegvisar

Den historiske oversikta fortel litt om kvifor bygningane i Odda har utvikla seg til å bli slik dei er, og kva som gjer at husa i området skil seg ut frå hus på andre stadar i landet. Dei praktiske råda og retningslinene handlar om korleis vi kan ta vare på denne eigenarten, styrke lokal identitet og skape gode omgivnadar. Men nokre gonger kan den største utfordringa synes å vera å finne vegen i ein jungel av lovar, forskrifter, faguttrykk og etatar. I denne delen av rettleiaren definerer vi dei viktigaste omgrepene, viser vegen til nettstadar og bøker med meir informasjon, og gjev ein kort forklaring av plansystemet.

Lover og føreskrifter

Det er særleg viktig at dei som vil byggja eller utføra mindre tiltak på bygningar, set seg godt inn i lover og føreskrifter. Mange slike små tiltak er ikkje lenger søknadspliktige, men tiltakshavar har ansvar for at tiltaket er i samsvar med plan- og bygningslova, kommunen sine arealplanar og planvedtekter, forbod mot tiltak langs sjø- og vassdrag, tekniske krav og føreskrifter. Tiltaket må heller ikkje koma i konflikt med naturmangfaldlova og lov om kulturminne, og i mange tilfelle må nabobar varslast i samsvar med grannelova.

Før vi går nærmare inn på kva dette inneber, er det viktig å understreka at det ikkje er lett å sjå skogen for berre tre. Det er med andre ord lett å mista føremålet med

planlova av syne i jungelen av tekniske føreskrifter og formelle krav til søknader. Plan- og bygningslova er lett tilgjengeleg på nett, men, for å vera på den sikre sida, her er formålsparagrafen:

«Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte



interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene».

I møte med spesifikke og konkrete tekniske krav kan det vera lett å mista heilskapen av synne og gløyma gløyma å ta eit steg tilbake for å vurdera om eit tiltak fremjar berekraftig utvikling og om det viser omsyn til estetisk utforming. Mange av dei som er involverte i ein planprosess er spesialistar i eit fagfelt og legg ofte mest vekt på dei krava



dei kjenner best. I slike tilfelle kan det og sjå ut som om ulike paragrafer i lova kjem i konflikt med kvarandre. Det er difor viktig å ha føremålsparagrafen til planlova fremst i tankane. Dette gjeld også den enkelte utbyggjaren og tiltakshavaren. Vi har alle ansvar for å kjenna til landets lover og for å følgje dei. Kommunale byggjesaksbehandlarar og arkitektar har mynde til å krevja at ein bygning eller anna tiltak får god arkitektonisk utforming og «innehavar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering» (Plan-og bygningslova paragraf 29-2). Men det er til sjuande og sist utbyggjar eller tiltakshavar som har ansvaret for at eit tiltak medverkar til god estetisk utforming av omgjevnadane.



Illustrasjonen viser eit område i Odda sentrum frå «kommunekart». Fargane på kartet viser ulike reguleringsføremål. Til dømes er bustadområda gule og med skrå striper dersom bygningen også blir brukt til andre føremål. Felt med svart vertikal skravering betyr særlege omsyn. Dette gjeld til dømes bygningane langs Eitrheimsvegen vest til torget som er regulert til spesialområde vern (eller omsynssone, sjå ordlista).

Kva planar og vedtekter gjeld for mitt tiltak?

Det overordna instrumentet for byggjesaker er Plan- og bygningslova, som viser til andre lover, føreskrifter og planar. For å vita om eit tiltak er i samsvar med dei planane og vedtaka som gjeld for eit bestemt område, må ein gå til dei kommunale

le planane. Kommuneplanen, som gjeld for heile kommunen, har ein samfunnsdel og ein juridisk bindande arealplan som er styrt av reglar for utforming. Reguleringsplanar er arealplanar for avgrensa område. Områderegulering er ei meir detaljert form for reguleringsplan som kommunen kan laga sjølv eller overlata til andre å utarbeida. Detaljregulering er som ordet tilseier meir detaljerte planar som også private tiltakshavarar kan fremja i samband med konkrete bygge- og anleggstiltak. Som regel er desse planane tilgjengelege på nett (om ikkje, er dei å få i kommunen). Gå inn på kommunen sine nettsider eller på kommunekart.no og sjekk der kva reguleringsplanar kommunen har vedteke for eit område. Søk opp kommunen øvst til venstre og vel «reguleringsplan».

Både arealplanar og reguleringsplanar er knytte til planvedtekter som er juridisk bindande. Dei kan gje føringar (rettleiande retningsliner og bindande vedtekter) for blant anna miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grøne område samt for omsyn til vern av eksisterande bygningar og andre kulturmiljø. Alle tiltak, også dei som ikkje er søknadspliktige, må vera i samsvar med desse vedtektena. Vedtektaene er å få i kommunen om dei ikkje finst på nett.

Gjer-det-sjølv eller fagfolk?

Det er mykje pengar å spa på å gjera ting sjølv. Men det kan også løna seg å få profesjonell hjelp. Ved å brukha fagfolk i planleggingsfasen kan ein unngå å setja i gang ikkje fullgode tiltak, å måtta søkja advokat-hjelp for å ordna opp i naboklager eller leiga inn andre fagfolk for å retta opp feil og

manglar. Dette gjeld i stor grad estetisk utforming. Ein dyktig arkitekt kan koma med gode råd og løysingar ein sjølv ikkje ville tenkt på. Han eller ho vil kunna hjelpe til med å tilbakeføra ein bygning til opphavleg utforming eller tilpassa eit nybygg til dei eksisterande på ein god og tidsmessig måte.

Byggetiltak kan medføra fare for helse, miljø og tryggleik. Krav til forsvarlege arbeidstilhøve gjeld også for dei som vel å gjera jobben sjølve. Eldre bygningar er ofte bygde med miljøvennlege og giftfrie materialar. Det gjeld ikkje alltid bygningar som er endra eller renovera i seinare år, eller nyare bygningar. Til dømes gjeld særlige reglar for fjerning av eternitt og asbestos. Gammal isolasjon kan vera helsefarleg og gamle leidningar kan vera straumførande. I slike og liknande tilfelle kan det vera nødvendig og lovpålagt å overlata jobben til fagfolk.

Sjølv om eit tiltak ikkje er søknadspliktig, kan det vera ein god idé å rådføra seg med fagfolk tidleg i prosessen. Hugs, det er ikkje mogeleg å unnskylda seg med at





Illustrasjonen viser en del av Odda sentrum frå nettstaden Miljøstatus Norge. Øvst til venstre ligg gågata, og den største blå bygningen er Cyanamiden. Det fiolette feltet viser verneverdig trehusområde. Den rosa trekanten viser at bygningen er freda, mens den rauda og dei gule trekantane viser bygningar frå før 1940.

ein ikkje kjenner lova! Tiltakshavar har ansvar for å gjera seg kjend med lover, føreskrifter og andre gjeldande reglar, og for at desse vert følgde.

Søknadspliktig eller ikkje?

I dag er det mogeleg å utføra mange mindre tiltak utan å søka om løye. Dette betyr enklare prosessar, men også større ansvar for tiltakshavar som må vera sikker på at tiltaket blir utført i samsvar med Plan- og bygningslova, kommunen sine arealplanar, forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, tekniske krav, naturmangfaldslova, veglova og lov om kulturminne.

Den enklaste måten for å finna ut om eit tiltak er søknadspliktig eller ikkje, er å gå inn på nettsida til Direktoratet for bygg-

kvalitet. Der ligg ein trinnvis vegvisar med informasjon om kva som er søknadspliktig og kva som ikkje er det.

Informasjon om vernestatus

Det er ikkje berre eldre hus som bør takast godt vare på, alle element i nærmiljøet vårt er med på å forma heilskapen og ingen bygningar er uviktige. Men eigarar av eldre bygningar og bygningar som ligg i område med mange viktige kulturminne, bør undersøkja om det trengst løyve eller dispensasjon også for mindre tiltak (sjå ordlista om dette omgrepet og andre ord i kursiv). Det kan difor vera ein god idé å sjekka om huset er verna, eller om det er gjort registreringar på bygningen. Slike registreringar kan vera utførde av kommunen, fylkeskommunen eller Riksantikvaren.

Kommunale vernetiltak er avmerka på kart som *spesialområde vern* eller *omsynsmonser*. Kapitlet over, om planar og vedtekter, fortel om korleis finna fram til dette på kartet. I verna område gjeld visse reglar, som til dømes at det ikkje er lov å endra eksteriøret på bygningen, men at det ikkje er like strengt ved endring av interiør. Vedtekene om dette er tilgjengelege i kommunen om dei ikkje finst på nett.

Kommunen sine kart viser berre det kommunen har vedteke å verna, ikkje bygningar eller område som er verna av *riksantikvaren* eller som står i andre register over eldre bygningar. Informasjon om verna bygg er tilgjengeleg på nettsida *Miljøstatus Norge*. Zoom inn på kartet og leit opp dei ulike kulturminnetypane på temalista.

Freda bygningar er det få av i Noreg, og det er lite sannsynleg at nokon eig

eller bur i eit freda hus utan å vita det. Derimot er mange bygningar registrerte i SEFRAK-registeret (sjå ordlista) fordi dei er av eldre dato. Når eit hus er merka med gul trekant, betyr det at det er eldre, men det medfører ikkje nødvendigvis plikter for huseigaren. Raud trekant betyr derimot at huseigaren pliktar å melda frå til fylkeskonservatoren ved ombygging eller planlagd riving. I alle tilfelle, om huset er SEFRAK-registrert eller ikkje: Det er ein god idé å ta kontakt med ansvarshavande for kulturminnevern i kommunen før igangsetjing av arbeid som medfører endringar. Ikkje alle viktige kulturminne i Noreg er kartlagde, og det finst mange fine bygningar som bør takast vare på fordi dei er representative for ein periode eller ein stilretning. Det er mogeleg å få tilskot til å setja i stand eldre hus, også slike som ikkje er freda. Kommunen har fagfolk som kan gje gode råd om rett bruk av materialar, om vedlikehald og mykje anna.

Historie

Det kan vere både spanande og nyttig å finne ut kven som har budd i et gammalt hus, ikkje minst fordi det gjer det mogleg å søkje etter gamle fotografi som viser korleis huset såg ut opprinnleig og kva endringar som er blitt gjorde. Mykje informasjon ligg fritt tilgjengeleg på nett. Det enklaste er kanskje å søkja på stadsnavn, adresse eller etternamn til tidlegare beborar på *Digitalt Museum*, som har ei samling på nesten ein million fotografi. For å vita meir om kven som har budd i huset, kan det vere ein god idé å søkje i *Digitalarkivet*. Her ligg folketeljingar og manntal



Eitt av bileta av Odda som ligg på *Digitalt Museum*. Her kan ein finne gamle fotografi ved å søkje på blant anna personnamn og adresser.

frå 1664 til 1910, kyrkjebøker og mange andre dokument. Det er mogeleg å finna ut kven som budde i eit hus for hundre år sidan, om ikkje enda lengre tilbake i tid, kva dei levde av, kor dei kom frå, og mykje anna. *Norge i Bilder* er ein annan interessant nettstad. Her finst flyfoto av heile landet, der mange byar og tettstadar blir vist både slik dei er i dag og slik dei var for fleire tiår sidan.

Meir informasjon om stilretningar, vern og vedlikehald

Ein slik rettleiar som denne vil aldri kunne gje uttømmande informasjon om alle stilretninger, om kva typer sprosser som høver seg til bygninger frå forskjellige tidsepokar, med meir. Slike valg vil uansett vera påverka av miljøet rundt huset, kva endringar som alt er utførd, og andre forhold. Det finst mykje informasjon om stilretningar, bygningstypar, om vedlikehald m.m. både i

bokform og på nett. Den lokale bibliotekaren kan vera til hjelp, det er mykje å finna i bokhandelen og det finst mange nyttige nettsider:

Riksantikvaren sine nettsider inneheld mykje nyttig informasjon om freding, vernestatus og kulturminne.

Bygg og bevar har nyttig kunnskap for eigarar av gamle hus som treng tips om vedlikehald, om korleis eldre hus kan etterisoleres, tilpassing til nye krav, rett materialbruk og kurs. Her er også tips om nyttig litteratur om bygningsvern og om tilskotsordningar. Kulturminneansvarleg i kommunen kan hjelpe med gode råd og formulering av søknader.

Litteratur

Denne handboka gjev ei kort innføring i lokal historie og byggeskikk og ho gjev råd om korleis nye bygningar og tilbygg kan tilpassast eksisterande bygningsmiljø. Det finst i tillegg mykje interessant og nyttig litteratur om nasjonal og lokal historie og arkitektur, om korleis reparera og vedlikehalda gamle og nye hus, og om mange andre tema som blir omtala her. Dette er berre eit lite utval.

Norsk arkitekturhistorie – fra steinalder og bronsealder til det 21. hundreåret av

Nils Georg Brekke, Per Jonas Nordhagen, Siri Skjold Lexau, Det norske Samlaget 2008.

Norske gater og plasser av Peter Butenschøn, forlaget press 2012.

Hardanger – ei regionhistorie (3 bind) av Martin Byrkjeland, Svein Ivar Angell, m.fl., Fagbokforlaget 2015.



Den norske byggeskikken, hus og bolig på landsbygda fra middelalder til vår egen tid av Arne Lie Christensen, Pax Forlag 1995.

Gamle trehus. Historikk, reparasjon og vedlikehold av Tore Drange, Hans Olaf Aanensen, og Jon Brænne. Universitetsforlaget, 3. utgave 2011.

Beresystem i eldre norske hus av Jon Bojer Godal, Steinar Moldal, Trond Oalann og Embret Sandbakken, Tapir akademisk forlag 2009.

Norsk murarkitektur av Finn Hakonsen, Einar Dahle, Torben Dahl og Ole Kroksund, Gyldendal akademisk 2009.

Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gammal og ny tid. Bygdesoga I og II av Olav Kolltveit, Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemd 1971.

Lovene som endra kulturlandskapet – innmarksutskiftingar, tun og teigblanding i Hardanger av Mads Langnes, Hardanger og Voss Museum 2011.

Farger i arkitekturen – byen, stedet, gata av Mette L'Orange, Scandinavian Academic Press 2008.

Gamle hus – inspirasjon og mange gode råd av Else «Sprossa» Rønnevig, Sprossa, 2012.

Gamle hus – vern, valg og muligheter av Else «Sprossa» Rønnevig, Aschehoug & Co 2004.

Fabrikkbyane i Hardanger – husa i industri-landskapet av Eva Røyrane, Nord 4 2011.

Mitt hus er din utsikt – god byggeskikk for hus og land – hva, hvorfor og hvordan av Lene Schmidt og Hanne Wilhjelm, Statens byggeskikkutvalg 1999 (tilgjengelig på Husbankens nettsted).



Ordliste

Arkeologisk kulturminne: Fysiske spor etter liv og verksemd i tidlegare tider.

Automatisk freda kulturminne etter Kulturminnelova: Kulturminne frå tida før 1537, samiske kulturminne som er eldre enn hundre år, ståande byggverk frå perioden 1537–1649, alle kulturminne på Svalbard som er eldre enn 1945, og meir enn hundre år gamle båtar, skipsskrog og tilbehør.

Bevaringsverdig og verneverdig: Omgrep betyr det same, at kulturmiljø eller kulturminne har verdi som tilseier vern. Gjeld ofte kulturmiljø eller kulturminne som bør regulerast til spesialområde vern av kommunen, men som med dette ikkje får nokon formell vernestatus.

Byggeskikk: Nemning brukt om ein bestemt byggjemåte som er knytt til ein stad eller ein region og som seier noko om staden eller regionen. Blir brukt om folkeleg byggetradisjon, men byggesikken kan også vera inspirert av impulsar frå arkitektur, og omvendt.

Berekraftig utvikling: Handlar om å ta vegval i dag og i nær framtid som ikkje øyde-

legg livsgrunnlaget for komande generasjoner. Miljøvern er basis for ei slik utvikling saman med samfunnsverdiar som levande lokalsamfunn og kultur. Kulturminne og kulturmiljø spelar ei viktig rolle for berekraftig utvikling.

Byantikvar: Ansvarshavande for kommunen si kulturminneforvalting som ser til at lokal eigenart og historiske kulurlandskap vert ivaretakne. Byantikvaren er rådgjevar utan mynde til å koma med motsegn slik fylkeskonservatoren kan.

Dispensasjon: Fritak frå lova i ei enkelt sak, frå eit vedtak eller ei føreskrift. I kulturminneforvaltinga gjeld dette fritak frå automatisk freding, frå vedtaksfreding eller vern gjennom Plan- og bygningslova.

Estetikk: Læra om korleis vi opplever det vakre. I samband med arkitektur og byggeskikk brukar vi omgrep estetisk og estetikk om det vi opplever som vakkert. Sjølv om det er snakk om ei individuell oppleving, er vi menneske stort sett samde om kva bygningar og bygde miljø som er vakre og kva som er mindre vakre.

Faste kulturminne: Med faste kulturminne meiner vi stadbundne, markfaste kulturminne til skilnad frå lause kulturminne.

Forminne: Kulturminne frå oldtid og mellomalder, før reformasjonen i 1537.

Freda/freding: Omgrepet blir berre brukt om kulturminne som er freda av Riksantikvaren etter Kulturminnelova.

Freda kulturmiljø: Eit kulturmiljø som styresmaktene tillegg så høg verdi at det må vernast for ettertida.

Frigjeving: Automatisk freda kulturminne kan frigjevast av Riksantikvaren. Dette kan skje om objektet ikkje lenger er viktig/unikt og særleg om omsynet til viktige samfunnsinteresser tilseier frigjeving. Frigjeving krev vanlegvis reguleringsplan og høyring hos fylkeskommunen.

Fylkeskonservator: Verneinstans hos fylkeskommunen som gjev fagleg hjelpe til kommunar og tiltakshavarar for å sikra omsyn til freda og verneverdige kulturminne. Fylkeskonservatoren kan koma med motsegn mot tiltak og setja i gang fredingsprosessar, men det er Riksantikvaren som gjer vedtak om freding.



Kulturlandskap: Alt landskap som er påverka av menneske. Omgrepet blir ofte brukt når det er snakk menneskeleg påverking av landskap og om jordbrukslandskap.


Kulturmiljø: Område der kulturminne er del av ein større heilskap eller samanheng.

Kulturminne: Alle fysiske spor etter menneskeleg liv og aktivitet. Gjeld også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Kulturminnevern: Handlar om å ta vare på vår fysiske kulturarv.

Kulturvern: Handlar om både materielle (faste og lause kulturminne) og immaterielle kulturminne (stadnamn, folkemusikk, tradisjonar, segner osv.) som bør takast vare på for ettertida.

Lausfunn/laust kulturminne: Laus gjenstand frå før reformasjonen i 1537, samt myntar frå før 1650 og samiske gjenstandar som er meir enn 100 år gamle. Blir vanlegvis brukt om funn i jorda eller på bakken. Det er meldeplikt ved slike funn. Om funnet er av nasjonal verdi, er staten automatisk eigar. Då blir det betalt ut finnarløn.



Listeført kulturminne: Eit kulturminne som etter ei kulturhistorisk vurdering er rekna som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein bestemt måte. Kyrkjer frå før 1850 og ein del utvalde nyare kyrkjer er til dømes listeførde.

Lokal verdi: Verdi knytt til lokal verksemnd eller historie. Eit kulturminne med lokal verdi kan også bli tillagt regional og/eller nasjonal verdi.

Meldepikt: Kulturminnelova krev at alle som finn ukjende fornminne eller lausfunn melder frå til fylkeskommunen evt. politiet. Innlevering av lausfunn eller melding om ukjende fornminne utløser ikkje krav om gransking om ikkje funnet er gjort i samband med gravearbeid, bygging eller liknande. Då kjem heller ikkje krav om utgraving.

Mellombels freding: Er eit verdfullt kulturminne truga av inngrep, kan det gjerast vedtak om mellombels freding i på�ente av at spørsmålet om freding vert avklara. Fylkeskommunen og Riksantikvaren har mynde til å føreta mellombels freding.



Miljøverdi: Fortel om objektet i miljømessig samanheng. Omfattar også kulturminne som står i tematisk eller funksjonell samanheng med kvarandre, som bygningar i tilknyting til utmark, steingardar, vegetasjon osv.

Motsegn (Innsigelse): Ein formell protest eller ei innvending mot framlegg til arealplanar etter Plan- og bygningslova. Kan fremjast av blant anna Riksantikvaren og av fylkeskommunen. Planen kan ikkje vedtakast i kommunen så lenge det føreligg ei motsegn.

Nasjonal interesse: Omgrep som blir brukt for å markera at det kan handla om nasjonale kulturminneverdiar.

Ombygging: Istandsetting som krev store endringar i bygningen sin struktur, overflater og opphavleg utforming. Ombygging gjev standardheving utan å ta omsyn til arkitektonisk, historisk, antikvarisk eller kulturell verdi.

Omsynssone: Avgrensa område i ein reguléringsplan eller kommuneplan der det skal takast særlege omsyn. Plan- og byg-





ningslova §11-8, c gjev høve til å setja av slike område med tanke på blant anna vern av natur- eller kulturmiljø. Erstattar tidlegare spesialområde vern.

Regulering til vern (bevaring): Bygningar, bygningsmiljø, fornminneområde og andre areal kan vernast gjennom Plan- og bygningslova ved bruk av reguleringsføremålet spesialområde vern som no er erstatta av omsynssoner.

Reguleringsplan: Arealplan med kart som viser dagens eller framtidig bruk av eit område. Planen har eigne vedtekter. Planen viser også omsynssoner.

Regional verdi: Verdi knytt til regional verksmed og historie. Eit kulturminne med regional verdi kan også ha lokal og eller nasjonal verdi.

Rehabilitering: Istandsetjing som inneber at bygningen får ei monaleg standardheving og ofte ny funksjon for eit anna føremål enn det opphavlege. Rehabiliteringa kan gjera inngrep i bygningsstruktur og opphavleg utforming, men bør ta omsyn til dei historiske, arkitektoniske eller kultu-

relle verdiane bygningen har. Ei rehabilitering gjev bygningen auka status.

Rekonstruksjon: Ein rekonstruksjon skaper som regel ein kopi av det opphavlege kulturminnet.

Reparasjon: Istandsetjing etter skade eller forsømt vedlikehald som i hovudsak opprettheld opphavleg struktur, overflater og bruk.

Representativitet: Eit representativt kulturminne er typisk eller karakteristisk for ei større gruppe kulturminne.

Restaurering: Vedlikehald eller reparasjon av bygning eller anlegg som tek omsyn til historisk og/eller arkitektonisk verdi og som blir utført av fagfolk med metodar og materialar som er godkjende av kulturminnevernet. Kan også handla om heil eller delvis tilbakeføring.

Riksantikvaren: Direktorat for kulturminneforvalting og fagleg rådgjevar for Klima- og miljøverndepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren kan, som høgaste nasjonale organ innan kulturminnevern, fatta vedtak om freding og skal arbeida for å fremja



god forvalting av kulturminne, kulturmiljø og landskap.

SEFRAK: Sekretariatet for registrering av faste kulturminne

SEFRAK-registeret: Alle bygningar Noreg bygd før 1900 er med i dette landsdekkjande registeret. I somme tilfelle omfattar registeret også bygningar frå dei første tiåra på 1900-talet fram til 1940. Dei fleste registreringane er føretekne i perioden 1975–1995.

Sikringssone: Området rundt eit automatiske freda kulturminne. Sikringssona rekks frå kulturminnet sin kjende eller synlege ytterkant og så langt det er nødvendig for å verna det mot tiltak. Om det ikkje er fatta særleg vedtak, er det ei fem meters sikringssone rundt eit automatiske freda kulturminne.

Spesialområde vern: Omgrep frå den tidlegare Plan- og bygningslova som vart oppheva i 2009 og erstatta av omgrepet omsynssone. Område regulert til spesialområde vern har denne statusen til dei evt. blir omregulerte.

Tiltakshavar: Den som har det overordna juridiske ansvaret for gjennomføring av eit tiltak.

Utgraving: Dersom eit fornminne har høg forskingsverdi eller skal frigjevast, vert det sett i gang arkeologisk utgraving. Dette gjer Arkeologisk museum som også registrerer og tek vare på det arkeologane finn. Gjennom utgraving blir fornminnet vanlegvis fjerna. I somme tilfelle er det snakk om rekonstruksjon. Det gjeld særleg gravhaugar.

Undersøkingsplikt: Kommunelova krev at tiltakshavar som skal i gang med større



private tiltak pliktar å undersøkja om det finst ukjende fornminne i området. For å avklara dette skal fylkeskommunen varslast, folk derifrå kjem for å undersøkja området til dømes ved prøvestikking eller prøvegravning. Krav om undersøkingsplikt gjer seg som regel gjeldande når det skal lagast privat reguleringsplan.

Vedtaksfreda kulturminne og kulturmiljø: Kulturminne og kulturmiljø som er freda ved enkeltvedak fordi dei har kulturhistorisk eller annan type verdi. At noko er verneverdig betyr ikkje at det har juridisk vernestatus.

Verna: Når eit kulturminne er verna, har det ein formell, juridisk vernestatus slik at det ikkje utan vidare kan endrast eller rivast. Eit verna kulturminne kan enten vera freda etter kulturminnelova eller vera regulert til spesialområde vern eller som omsynssone i ein kommunal reguleringsplan.

Kilderefansar

Del 1, kapittel «frå heller til fellestun»: Sitat frå Olav Kollveit er teken frå *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. Bygdesoge 1*, Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemd, Odda 1971, side 516.

Del 1, kapittel «frå heller til fellestun»: Sitat fra Ola Omvik er teken frå *I manns minne – daglegliv ved hundreårsskiftet*, Det Norske Samlaget, Oslo 1967, side 279.

Del 1, kapittel «frå kyrkjested til industriby»: Sitater frå Lasse Trædal: *Odda – arbeidsfolk fortel – glimt frå soga til ein industrikommune*, utgjeven av Odda kommune i 1988. Sitat med beskrivelse av Odda på nattetid og korleis Odda var som ei amerikansk gullgravelir er av Ben Bolt og er frå *Bergverksnytt* frå 1922 (gjengitt i *Arbeidsfolk fortel*, side 32 – 33). Sitatet om tilhøvet mellom bønder og industriarbeidarar er frå *Arbeidsfolk fortel*, side 44.



Kreditter

Fotografi av Harald Hognerud: s. 2, 5, 7, 10-11, 13, 14, 18, 25/4, 27/1, 27/2, 27/3, 27/4, 28, 29/4, 34-35, 38, 39/1, 39/2, 39/4, 40/1, 40/2, 40/3, 40/4, 40/5, 40/6, 40/8, 41/1, 41/2, 41/3, 41/4, 42/2, 42/4, 43/1, 43/4, 44-45, 46/2, 46/3, 47/2, 47/3, 48, 49, 50/3, 51/1, 51/2, 52/3, 52/4, 53/1-8, 54/1, 54/2, 54/3, 55, 58/2, 58/3, 59, 63, 64/6, 65/1, 65/2, 65/3, 66/1, 66/2, 68, 70-71, 73, 74, 78, 80, 81, 82/2, 84/2, 85, 87-88.

Fotografi av Jorunn Monrad: s. 8, 15, 24, 25/1, 25/2, 25/3, 29/1, 29/2, 29/3, 30, 31/1, 31/2, 31/3, 31/4, 32, 33, 40/736, 39/3, 42/1, 43/2, 43/3, 46/1, 46/4, 47/1, 47/4, 50/1, 50/2, 50/4, 51/3, 51/4, 52/1, 52/2, 54/4, 57, 58/1, 58/2, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/7, 64/8, 65/4, 66/3, 66/4, 75, 79, 82/1, 83/1, 83/2, 84/1, 86, omslag.

Fotografi trykt med løyve frå Norsk Vasskraft og Industriadmuseum: s. 21 frå ca 1914, Mittet & Co; s. 22 frå 1915, Erling Johansen; s. 23 frå 1957, fotograf ukjend; s. 77 frå ca 1933., fotograf ukjend.

Fotografi av Adolph Tidemand sitt måleri på s. 16-17 er trykt med løyve frå Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design.

Fotografi av Knud Knudsen s. 20 er trykt med løyve frå Spesialsamlingene ved Universitetsbiblioteket i Bergen.

Fotografi nr. 4, s. 58 er trykt med løyve frå Eggen Arkitekter AS, Trondheim.

Fotografi av Finn Ståle Feldberg på s. 60-61 er trykte med løyve frå Infill AS.

Fotografi av Stefan Maassen på s. 67 er trykt med løyve frå Zenisk AS.

Opplegg og redigering av Jorunn Monrad/Odda kommune. Tekstar av Jorunn Monrad i samarbeid med Eva Røyrane.



Grafisk design og trykk: Bodoni As

Typografi: Scala Sans Pro/Scala Sans

Papir: MultiArt matt 150 gr

Utgjeve av Odda kommune 2015

ISBN: 978-82-993418-3-7

Opplag: 1500









BYGGESIKK er eit omgrep som har endra seg med tida. På 1800-talet la kulturforskaaren Eilert Sundt merke til at kvar bygd og landsdel hadde sine særegne skikkar for husbygging. Byggesikken fanst i mange variantar, som talet og måten å kle seg på. Skikk og bruk rådde i smått og i stort. Men alt då var dette i ferd med å endra seg. Den moderne bonden verdsette individuell fridom.

I dag er det korkje ønskjeleg eller mogeleg å krevja at alle som bur i same område skal byggja på same måten. Byggesikk må difor handla om å visa omsyn til heilskapen, samstundes som det skal vera rom for individualitet. Det handlar om å tilpassa nye bygningar til gamle, om å verna, om tradisjonar utan at ein nødvendigvis skal kopiera. Vi må ganske enkelt visa same omtanke når vi formar miljøet omkring oss som når vi møblerer stova. Det krev kunnskap å finna balansen mellom eigne interesser og samfunnet sine. Det er dette denne handboka handlar om.